

Tilhøve til klima, miljø og anna busetnad.

Parsellen er plassert på eit høgdedrag aust for våningshuset på garden. Området er veileigna for ein bustad. Det er her gode soltilhøve, lite til moderat vindpåverknad, ikkje ras- eller flaumfare. Området er ikkje bruka eller eigna for friluftsliv for andre enn tomteeigar. Parsellen er fjellendt og er ikkje produktiv for landbruk.

Parsellen ligg tett inntil 4 andre frådelt og utbygde parsellar der bruken er ei blanding av fastbuande og hytter. Det er her eit lite bustadmiljø som vil bli positiv påverka med ein bustad til. Omsøkt parsell kan sjåast på som ei fortetting av eksisterande bustadområde som vil virka positivt på bustadområdet med tilhøyrande sosialt miljø. Parsellen vil og gjere seg nytte av eksisterande infrastruktur som dermed får ein betre utnytting .

Plassering av tomt m.m

Vi meiner at den beste plassering av ein slik bustad er på eit høgdedrag om lag 100m aust for våningshuset. Arealet her er eit uproduktiv fjellområde som ikkje vil redusere grunnlaget for drifta av garden. Plasseringa vil ikkje vera til ulempe for gardsdrifta då tilkomsten til tomta vil gå over ein felles privat veg til Fylkesveg utanom gardstunet.

Vegtilkomst: Avkøyring frå Fylkesveg. Privat fellesveg med frå før 4 brukarar går forbi omsøkt parsell. Fylkesvegen har ei fartsgrense på 60 km/t og det er moderat til lite trafikk på vegen.

Vasstilkopling: Kommunal vassleidning går like forbi parsellen.

Avlaup: Det må søkjast om privat avlaupsanlegg med slamavskiljar på parsellen. Leidningen vil derifrå førast til felles privat leidning som går til sjø. Avtale om bruken av denne leidningen er avklara.

El-tilkopling. Tilkopling til el-leidning i stolpe som står på parsellen.

Slutning:

Vi meiner at frådelinga ikkje er i strid med lova sine føremål eller dei omsyn som ligg bak vilkåra for å gi dispensasjon. Vi meiner at etter ei samla vurdering er føremonene med å gi dispensasjon klart større enn ulempene . Vi kan heller ikkje sjå at statlege og /eller regionale rammer og mål vil bli skadelidande. Vi kan heller ikkje sjå at frådelinga vil kome i konflikt med helse, miljø, jordvern, tryggleik eller tilgjenge. Med bakgrunn i denne vurderinga meiner vi at vilkåra for å gi dispensasjon fullt ut er tilstades og vonar at kommunen og kjem til same slutning.

Mvh.

Mette Skjelanger

Kåre Skjelanger

Mette Skjelanger

